



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 15/257727-2	Dykkar referanse: 15/2143 – 15/15107	Vår dato: 22.01.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	--	-------------------------

### Uttale – Kommuneplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016 – 2026 – Radøy kommune – Høyring

Vi syner til brev mottatt 21.12.2015 med frist for uttale satt til 1. februar 2016.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekke knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for auka fysisk aktivitet og stimulere til betre helse og trivsel hos innbyggjarane i kommunen. Kommunedelplanen skal vere kommunen sitt styringsdokument i dette arbeidet, og skal også gje innspel ved revisjon og utarbeiding av andre kommunale planar og i arbeidet med økonomiplanen.

Planen er utan juridisk bindande verknad når det gjeld arealdisponeringar, men planen vil kunne gje tilrådingar om arealdisponeringar til kommuneplanen sin arealdel. Statens vegvesen vil minne om at det er særleg viktig å tenkje lokalisering, tilkomst, parkering og nærleik til veg ved planlegging av ulike anlegg og arenaer.

Statens vegvesen har ikkje fleire kommentarar til høyringa, men tek atterhald om å koma med merknadar dersom det kjem konkrete framlegg om tiltak eller anlegg.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Vi ynskjer dykk lukke til med det vidare planarbeidet!

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*